



Statens vegvesen

Lindås kommune
Areal- og miljøeininger
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering:	
- 6. 08. 2015	
Ark. saksnr.	Løpenr.
14/1809	
Saksnr.	Tilgangskode

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/085511-017

Dykkar referanse:
14/1809 - 15/23749

Vår dato:
04.08.2015

Kunngjering 1. gangs offentleg ettersyn av reguleringsendring for Mangerbua 2 - plan-ID 1263-200817 - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 01.07.15 med framlegg til endring av reguleringsplan for Mangerbua 2 i Lindås kommune.

Bakgrunnen for reguleringsendringa er at ein ynskjer å legge til rette for auka utnytting med terrassebustader på eitt av delområda i den opphavelege planen, samt auka utnytting for dei andre delfelta.

Statens vegvesen har i utgangspunktet ikkje vesentlege merknader til endring av den opphavelege planen slik det vert føreslede i framlegget til endring av reguleringsplanen. Vi har likevel merknader til forhold knytt til krysset til fylkesveg 565 frå Alvermarka nord som og vert tilkomst til reguleringsplanen for Mangerbua 2.

Statens vegvesen har ved fleire høve sidan 2010 vorte kontakta i samband med trafikkløysingar i forhold til endring av reguleringsplanen for Mangerbua 2. Vi fekk den 26.04.10 sendt over eit framlegg til utbetring av eksisterande kryss for Alvermarka nord som vi ga uttale til i vårt brev av 29.04.10. Kopi av brevet er vedlagt.

I dette brevet aksepterte vi framlegget til løysing sjølv om normalkrava til utforming ikkje var fullt ut oppfylde. Det vert akseptert ein svingeradius på 6,45 meter sjølv om normalkravet var minimum 9,0 meter.

I 2014 vart det gjort utbetringar av det aktuelle krysset, men etter det vi kan sjå er krysset ikkje endeleg godkjent. Vi viser her til e-mail frå Arnljot Jordal av 23.06.14 som inneheld fleire punkt som ikkje er tilfredsstillande utført. Kopi av denne e-mailen er vedlagt.

Vi meiner at det er svært viktig at dette arbeidet vert gjennomført og helst før det vert gjeve løyve til utbygging innanfor Mangerbua 2 i samsvar med planframlegget slik det no ligg føre. Med dette som bakgrunn ynskjer Statens vegvesen at det i framlegget til endring av reguleringsplanen for Mangerbua 2 vert innarbeidd eit rekkjefølgjevilkår om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet for Mangerbua 2 før

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø¹
Telefon:
Telefaks:

utbetring av krysset frå Alverflaten nord og fylkesveg 565 er gjennomført og endeleg godkjent av Statens vegvesen.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframleggget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen



Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgt. 7c
5059 BERGEN

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	L12
03. 05. 2010	
Arb. saknr	Lopanr.
06/2880	12716/10
Sakn.	Tilgangskode
JH	

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/085511-005

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.04.2010

Reguleringsplan for Mangerbua II. Utbetring av kryss frå Alvermarka nord til fylkesveg 565 i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar oversending av 26.04.10 med framlegg til utbetring av krysset til Alvermarka nord i samband med godkjenning av reguleringsplanen for Mangerbua II. Det vert vidare vist til vårt brev av 21.04.10 om same sak.

I framlegget som no ligg føre er krysset utvida mot nord så langt det let seg gjere utan å komme i vesentleg konflikt med dei tilstøytande private eigedomene. Busslomma er flytta mot sør aust slik at innkøyringssona kjem sør for krysset slik ein vart einig om på synfaringa. Det er og innarbeidd eit framlegg til plasseringslomme på nordsida av fylkesvegen i samsvar med normalkrava i handbok 017 frå Vegdirektoratet.

Svingeradiusen på sørsida av krysset ved utkøying frå den kommunale vegen og ut på fylkesvegen tilfredsstiller ikkje normalkrava i handbok 017. Svingeradiusen er 6,45 meter etter det som er vist på kartet medan normalkravet er 9,0 meter når krysset skal dimensjoneras for lastebil.

Statens vegvesen har vurdert framlegget som no ligg føre og kome til at vi vil kunne akseptere løysinga som no er lagt fram sjølv om normalkrava ikkje er oppfylte. Ei utbetring av krysset med krav om at alle komponentar skal oppfyllast i forhold til handbok 017 vil føre til ei omfattande omlegging som fører til vesentleg konflikt med tilstøytande eigedomar. Vi finn at trafikktryggleiken vort tilfredsstillande med det framlegget som no ligg føre.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telofon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5845 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordvelen 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 22 52

Høydalsvik Odd

Fra: Jordal Arnljot
Sendt: 23. juni 2014 17:36
Til: Terje.Seim@seimbygg.no; Magnus.Johan@Majo.no
Kopi: Høydalsvik Odd; Hagesæther Øystein; Arne.Eikefet@lindas.kommune.no;
Emne: Vangsnes Gunhild Beate Nes
Utbetring av kryss Fv 565 og Alvermarka Nord

Synfaring på staden fredag 20.06.2014: Til stades var: Byggherre: Terje Seim, Seim Bygg; Magnus Johan Helgesen, MAJO; Entreprenør: Ove Myking,

Alversund Maskinstasjon; Arne Eikefet, Lindås Kommune; Odd Høydalsvik, Statens vegvesen; Øystein Hagesæther, Statens vegvesen; Arnljot Jordal, Statens vegvesen.

Det kom fram følgjande punkt som må rettast og kontrollerast mot følgjande krav før krysset kan godkjennast:

- Det er ikke utarbeida detaljert byggjeplan for tiltaket, som såleis heller ikke er førehandsgodkjent av Statens vegvesen.
- Som strakstiltak vart avtala overmaling/fjerning av eksisterande kantlinje som går inn i krysset, retninga frå Alversund, og fjerning av refugekant i betong,

slik det vart oppmerka på staden. Det var tydeleg at bilistane kørde etter linjene som var særslig missvisande og som laga mange fårlege situasjoner. Utførast snarast råd!

- Det mangla planteikning med påført skilt og oppmerking av krysset. Det vart på staden påvist plassering av ny vikelinje og ny senterlinje i den kommunale vegen.
- Vurdere om vegvisarskilt må flyttast, sjekkkast etter oppmerking.
- Det vart påpeika tiltak for avrunding av vegbana, dvs byggje nytt fundament og asfaltering etter norma, og ny kantlinje i innkøyringa frå Alversund.
- Det må støypast ny sirkuler betongkant på refuga slik det vart merka på staden. Det skal merkast kantlinje ca 0,5 meter frå refuga, overflate veg/fortau vert asfaltert.
- Rette opp/justere venstre vegkant og justere rekkverk i samsvar med skissert løysing frå konsulent, gjeld communal veg mot bustadane.
- Siktsona må ettersjåast/opparbeidast i samsvar med krav stilt i løyve/ eventuelt avtala ny redusert siktzone om vegkontoret kan godta det.

Her er 70 km/t fartsgrense på Fv 565.

- Måle inn koordinatar for plassering av dagens passeringslomme. Sjekke at 1/3 av rettstrekket på lomma ligg nord for midten av krysset.
- Setta opp ny lysstolpe på sørsida av krysset, plassering utafor rekkverket for fortauet.
- Det skal leverast NVDB-innmåling etter objektliste fra Statens vegvesen avdeling geodata, for dei nye dataene på krysset.
- Avtale/ søke forlenga arbeidsvarsling og skilte på ny før arbeidet tar til.
- Frist for utbetringa er sett til ferdig innan 04.07.2014.

Ref: Arnljot Jordal